



Førde IL Orientering

Årsmelding 2021



Framlegg til godkjenning på Førde IL Orientering sitt årsmøte mandag 14. februar 2022

orientering.fordeidrettslag.no

Førde IL Orientering – styre og råd 2021

Styret:

Leiar	Knut Even Hole	Jølstravegen 162, 6819 Førde	90201994	knuteh@hotmail.com
Nestleiar	Yngve Årdal	Langeberget 11, 6812 Førde	91149805	ardalyngve@gmail.com
Styremedl	Torodd Os	Runnaleitet 11, 6812 Førde	91395912	torodd.os@enivest.net
Varamedl.	Jon Anders Schei	Leabakken, 6812 Førde	95879645	jonandersschei@gmail.com

Teknisk råd:

Leiar	Torodd Os	Runnaleitet 11, 6812 Førde	91395912	torodd.os@enivest.net
Medlem	Helge Schei	Leabakken, 6812 Førde	90726290	helge.schei@gmail.com
Medlem	Egil Nestande	Parkgata 39A, 6813 Førde	90622156	egil.nestande@online.no
Medlem	Andreas Haug	Torvberget 15, 6983 Kvammen	46981251	andreas@proresult.no

Trenings- og rekrutteringsråd:

Leiar	Jon Anders Schei	Leabakken, 6812 Førde	95879645	jonandersschei@gmail.com
Medlem	Julie Daling	Hornnesv. 120, 6809 Førde	99471748	julie.daling71@gmail.com
Medlem	Anita Hole	Jølstravegen 162, 6819 Førde	48029227	Aehole1@gmail.com
Medlem	Anders Eilertsen Grønli	Storemyrvegen 54, 6819 Førde	91647801	Anders.gronli@enivest.net

Turorienteringsråd:

Leiar	Jostein Fredly	Oliverlegda 14, 6810 Førde	91395922	jostein.fredly@enivest.net
Medlem	Kurt Grønli	Tunavegen 9, 6819 Førde	95795169	kugroen@online.no
Medlem	Anja Hole	Jølstravegen 162, 6819 Førde	91351350	Anjahole1@gmail.com

ÅRET 2021 OPPSUMMERT LEIAR

Også i år har sesongen vore mykje prega av korona situasjonen, men vi har klart å gjennomføre alt som var sett opp av løp på tilnærma tradisjonell måte. Vi har dessverre ikkje kunne hatt Rakettløype eller saft og frukt/bolle servering. Dette er et sakn, men vi satsar på å kunne fortsette med dette i 2022. I år blei det 18 nærløp inkludert Sunnfjord-orienteringa. Totalt har det vore 145 forskjellige løparar innom nærløpa i år. Nokre har bare vore med bare ein gong, mens andre har stilt på alle 18 løpa. 715 har stilt til start fordelt på dei 18 nærløpa, noko som gjer eit snitt på nesten 40 pr løp. I år har vi også nytta Livelox mykje, som gjer at vi kan sjå kor løparane som har lagt ut GPS spora sine har sprunge. Vi har også kunne bryne oss på 6 nattløp i år. Hausten har vore prega av mykje dårlig vær, så oppmøte av løparar har vore varierende.

O-skulen var tilbake i år, siden det ikkje var så strenge restriksjonar for barn og unge, som det har vore for vaksne. 9 deltakarar blei instruert av Håkon og Anja fem kveldar, der deltakarane fikk opplæring i ulike tema kvar gong. O-skulen sin oppmøte plass har fylgt nærløpa, og dei starta kl 1715 slik at deltakarane kunne springe ei løype etterpå. Stor takk til Håkon og Anja at de stilte som instruktørar i år også.

I juni hadde o-gruppa o-trolleir på Langeland. Her stilte 15 o-troll hovudsaklig frå Førde og Sogndal. Dei hadde ulike o-aktivitetar og grilling på programmet. Det har også i år blitt halde skulesprint for skulane i Førde. Tett på 500 elever har deltatt på skulesprint i år.

Siste helga i august blei KM-helga arrangert på Byrkjeflot i strålande vær. Laurdag var det KM mellom og søndag KM lang. Litt i overkant av 50 deltakarar stilte til start begge dagane. Litt synd at ikkje fleire kjem på desse arrangementa, når vi ser at det ofte er fleire løparar enn dette på nærløpa. Det var også ungdomssamling på Langeland denne helga, frå fredag til søndag. Og laurdag til søndag var det O-trolleir på Rødekors hytta.

Grunna pandemien har enkelte løp nasjonalt blitt avlyst eller utsett også i år. Men enkelte har funne vegen ut av fylket for å delta på større løp. Det er kjekt å sjå at vi har to ungdomar som satsar for fullt og som hevdar seg på nasjonale løp. Håkon kan sjå tilbake på 2021 med flotte resultat på Vestlandsmesterskap, Hovedløpet og NC-sprint/O-idol. Anja har i 2021 stilt på samtlege løp i Norgescupen og NM.

Tur-orienteringa hadde i år 68 deltakarar. Fire av åtte løyper var grønne turar. Grønne turar er gratis for nedlasting. Ut frå statistikken så ser vi at desse turane har blitt nytta av flest deltakarar. Dei andre turane har vore fordelt i områder som Langeland, Digernes og Vassenden. 46 av 68 deltakarar har oppnådd merke i gull, sølv og bronse.

Årets romjulsløp måtte dessverre avlysast grunna strenge restriksjonar siden det før jul vart ei kraftig smitteauke. Det er mulig vi får til eit løp i påska 2022 som eit plaster på såret.

Til slutt vil eg takke alle som har bidratt på forskjellige måtar for klubben i 2021. De har også i år gjort ein kjempeflott jobb, så satsar vi på at 2022 blir enda betre.

Knut Even Hole, leiar FIL-Orientering

ÅRSMELDING 2021 TEKNISK RÅD

Torodd Os	leiar
Egil Nestande	medlem lagerleiar
Helge Schei	medlem kart
Andreas Haug	medlem

Terminliste - løpsregistrering

Teknisk råd har i 2021, på samme måte som åra før, sett opp terminlista for våre løp og lagt denne inn i Eventor. Teknisk råd har utført påmelding, tidtaking og resultat opplasta til Eventor på 17. nærløp + Sunnfjordorienteringa 2021. I 2021 har vi også tilrettelagt nokre løp for Livelox, så løparar kan legg inn sine GPS-spor og spele dei av på Livelox.

Kartarbeid

Nytt kart *Vassenden Gjesdalsdalen*. Her er arbeidet starta, Gunnar har oppdraget med det.

Oppdatering kart:

Halbrend-Flatene. Mest på Halbrendside, m.a. den nye hallen og utviding av ballbana.

Vieåsen. Attgrodde stiar tatt vekk, nokre nye stiar lagt til. I tillegg nybygde hus og hus som er under bygging.

Hafstadparken. Kartet er utvida austover opp til Coop Extra, og dekker nå både «Mangrove-skogen» og Blomreina.

Løpsutstyr

I løpet av 2021-sesongen har 3 posteiningar blitt borte (Nr. 38, nr. 73 og nr. 105). Nr. 73 erstatta med ny montert på plate. I tillegg har ein del postskjermar gått ut på grunn av slitasje eller tap i terrenget. Likeins har ein del leigebrikker gått ut anten ved tap i terrenget, eller på grunn av alder.

Per 1. januar 2022 har vi følgjande utstyr på lageret:

Posteiningar

132 stk. på stativ, inkl. 2 stk. målpostar, pluss 18 stk. på plate med opphengssnor

8 stk. starteiningar (2 stk. litt gamle - frå 2014)

Leigebrikker

63 stk. alle er sjekka og virkar

Postskjermar

Rikeleg av alle kvalitetar. Dei nyaste (A-kvalitet) bør ikkje brukast til nærløp

MTR4, komplett m/EPR3 og papir. 3 (4) stk. Alle sjekka og i orden.

Startdisplay ESD2. 2 stk. (Sogndal IL eig halvparten av det eine)

Anna utstyr

Telt. 2 stk. Quick-up, 1 stk. Easy-up, 2 stk. Tunneltelt, 1 stk. Toalettelt.

2 stk. Kampingbord og stolar, 2 stk. «Beachflag», oppslagstavler

Turorienteringsutstyr. Postflagg, stolpar, stifteklemmer

1. stk. Bærbar PC, 1 stk. laserskrivar

Førde 16.01.22, Treningsrådet

ÅRSMELDING 2021 TURORIENTERINGSRÅDET

Jostein Fredly	leiar
Kurt Grønli	medlem
Anja Hole	medlem

Årets turar:

I år som i fjor har vi lagt vekt på grønne turar. Dette er turar tilrettelagd for rullestolbrukarar og familiar med barnevogn. Elles har vi lagt ut turar i terrenget på Viestølen, i Masdalen og på Langeland. Dei grønne turane har i år vore gratis.

Fylgjande kart er nytta:

Mo Landbruksskule	Grøn tur	7 postar
Halbrend –Flatene	Grøn tur	8 postar
Slåtten-Vieåsen Nord	Grøn tur	8 postar
Langeland Skisenter	Grøn tur	7 postar
Jølster Skisenter	Blå tur	7 postar
Masdalsgjerdet	Raud tur	10 postar
Viestølen	Blå/raud tur	8 postar
Langeland Skisenter	Raud tur	10 postar
Til saman		65 postar

Deltaking:

Tilsaman har 68 registrert seg som deltakarar i år. I år som i fjor var det berre 3 deltakarar som leverte klippekort. Resten la inn kodane på nettet.

Som tidlegare år har vi ein fast stamme som er med kvart år. I tillegg kjem ein del barnefamiliar samt enkeltpersonar som er med meir sporadisk.

Vi ynskjer klart å auke antall personar som deltek og vil arbeide vidare med dette som mål.

Tilbakemeldingar:

Vi har fått positive tilbakemeldingar frå nokre personar. Dei meiner opplegget er fint med spennande postplasseringar og passe vanskegrad. Ein som ikkje lenger er med, meiner det vert for mykje vassing i myrlende. Dette bør vi nok ha i tankane framover.

Førde 12.01.22, Turorienteringsrådet

ÅRSMELDING 2021 TRENINGS- OG REKRUTTERINGSRÅDET

Jon Anders Schei	leiar
Julie Daling	medlem
Anja Hole	medlem
Anders Eilertsen Grønli	medlem

Leiar i trenings- og rekrutteringsrådet gav i løpet av sesongen beskjed om at han måtte trekke seg frå vervet. Dei andre medlemmene har fordelt oppgåvene i gruppa seg i mellom.

Innetrening: Trenings- og rekrutteringsrådet arrangerte innetrening på Slåtten skule gjennom vinteren. Her var det ope for alle i gruppa til å vere med.

O-skulen: Etter eitt års opphald kunne vi denne sesongen igjen gjennomføre O-skulen. Dette var eit tilbod for aldersgruppa 8-12 år, der ein fekk ei fin og god innføring i orienteringssporten. O-skulen gjekk over fem onsdagar i vårsesongen, og var i forkant av eit nærløp. Ni personar var med på O-skulen, og instruktørar var Anja Hole og Håkon Grønli.

Skuleorientering: O-gruppa har tilbydd skuleorientering til fleire av skulane i Førde, og totalt har nesten 500 elevar vore med på opplegget. På Soleide var Anders Grønli primus motor, og gjennom tre dagar i perioden 10.-12. mai var det opplegg for Sunde skule, Slåtten skule og Førde barneskule. Her var det nybyrjarløype og rakettløype. Seinare same månad var det eit opplegg for Flatene og Halbrend skule. Egil Nestande hjalp her til med å skaffe nødvendig utstyr, og så arrangerte skulane sjølve.

O-troll leirar: Dei aller yngste har hatt høve til å vere med på fleire O-troll samlingar på Langeland denne sesongen. 12. juni arrangerte klubben O-troll leir på Langeland. 15 unge og lovande i alderen frå 8 til 11 år frå Førde og Sogndal var med på leiren. Instruktørane var alle frå Førde; Anja Hole, Håkon Grønli og Julie Daling. Det var mykje aktivitetsglede gjennom leik, foto-O, stjerne-O, rakettløype og myr fotball. Nokre forlot Langeland meir fornøgd med gjørmebad enn myr fotball. I samband med KM-helg i Førde i august var det også O-troll leir på Røde Kors-hytta på Langeland, då med Sogn og Fjordane Orienteringskrets som arrangør.

Ungdomssamling: Under KM-helga 28.-29. august arrangerte klubben ungdomssamling på skihytta på Langeland. 10 kjekke ungdommar i alderen 12-19 år deltok i tillegg til to vaksne. Anita E Hole var primus motor for samlinga. Oppmøte var fredag kl 19 for rask innsjekk før vi skulle ha o-teknisk trening. Den O-tekniske treninga var lagt opp som linjeorientering. Dette var ein øvelse ikkje alle følte seg heilt trygge på. Løysinga vart å dele inn i lag. Alle ungdommane vart innlosjert på felles sovesal etter eige ønske. Eit smart val for det sosiale samhaldet ungdommane imellom. Til frukost laurdag var der nokre trøtte fjes som kom ned frå loftet, men etter ein god frukost med både graut, kokte egg og kaffe var gjengen klar for avreise til samlingsplass på Kinna og KM mellomdistanse. På forhånd hadde alle fått melding om å ta med pulsklokke med GPS, og dei som ikkje hadde eigne fekk låne. Tanken bak var å vise løypene, både frå treninga med linjeorientering og KM-løp, på storskjerm

laurdag. Dette vart ei morsom økt, der vi gjekk gjennom løypene, vegval, tanken bak vala og korleis det gjekk. Denne måten å synleggjere vala som blir tatt ute i skogen syntes ungdommane var både lærerikt og morosamt. Samlinga var formelt avslutta etter utvask av hytta søndag før vi reiste på løp, men i praksis heldt vi oss samla til etter premieutdelinga var over. På tampen tok vi ei lita evaluering av helga, og det var stor semje blant ungdommane om at samling på Langeland bør/skal være tradisjon når det er konkurransehelg i Førde.

Resultat frå KM og DM 2021 løparar frå Førde IL Orientering:

KM Sprint 5. juni - Sogndal: AK-open: 1: Knut Even Hole. D17-: Nr. 1: Anja Hole. D50: Nr. 1 Anita E. Hole. D70: Nr. 1: Brita Eilertsen Grønli. H17-: Nr. 1: Håkon Grønli H70: Nr. 1: Torodd Os. Nr. 2: Kurt Grønli.

DM Vest Mellom, Haugesund, 21. august: H15-16: Nr. 1: Håkon Grønli. D17-18: Nr. 5: Anja Hole.

DM Vest Lang, Haugesund, 22. august: H15-16: Nr. 2: Håkon Grønli. D17-18: Nr. 3: Anja Hole. D70: Nr. 4: Brita Eilertsen Grønli.

KM Mellom 28. august - Førde: AK-open: Nr. 1: Knut Even Hole. D17-18: Nr. 1: Anja Hole. D40: Nr. 2: Anja Sægrov. D50: Nr. 1: Anita Hole. H17-18: Nr. 1: Håkon Grønli. H19: Nr. 5: Torbjørn Os. Nr. 6: Henning Tjørhom. Nr. 7: Torbjørn Holsen. H50: Nr. 1: Marius Dalin. H60: Nr. 4: Kjell Arne Hjellbrekke. H70: Nr. 1: Helge Schei. Nr. 2: Kurt Grønli.

KM Lang 29. august - Førde: B-open: Nr. 1: Knut Even Hole. Nr. 2: Anita E. Hole. Nr. 3: Anja Sægrov. D17-18: Nr. 1: Anja Hole. D50: Nr. 1: Julie Daling. D70: Nr. 1: Brita Eilertsen Grønli. H9-10: Jørgen Daling Korsøen. H11-12: Morris Sægrov Asheim. H17-18: Nr. 1: Håkon Grønli. H19-: Nr. 3: Andreas Haug. Nr. 4: Torbjørn Os. Nr. 6: Henning Tjørhom. H50: Nr. 2: Marius Dalin. H60: Nr. 4: Kjell Arne Hjellbrekke. H70: Nr. 2: Helge Schei. Nr. 3: Kurt Grønli. N-open: Arya Stubhaug Tjørhom og Max Stubhaug Tjørhom.

TILTAKSPLAN FOR FØRDE IL ORIENTERING, SESONGEN 2021

Kontaktperson: Knut Even Hole knuteh@hotmail.com

Tiltaksområde	Mål	Tiltak	Hvordan (beskriv)	Tidspunkt	Ansvarlig	Ønsket resultat	Rapport resultat
Ungdom	Viderutvikling	Innetrening	Slåten skule, trening kvar onsdag	nov-mars	Tr/rekr. Råd	5 ungdomer	Utført med nokre avlysninger grunna Covid.
Ungdom	Beholde ungdom	Samling	Samling ifbm KM helga	28-29 aug	Anita	10 ungdomer	
Ungdom	Beholde ungdom	Samling	Samling i samarbeid med Veten på Utvikjellet	vår	Anita	10 ungdomer	Utført . 4 ungdomar
Ungdom	Rekrutere ungdom fra VGS	Grill & chill	Stand på "grill&chill" for å vise oss fram for ungdom ved skulestart	aug	Jon Anders	10 ungdomer	Ikkje holdt i 2021
Rekruttering skule	Skulesprint på 3 skular	Verdens o-dag veka	Kontakte Slåten-, Sunde- og Førde barneskule	veke 20	Anders	min 500 elever deltek	Utført. Over 500 deltakarar.
World O-day	Synleggjere o-sporten	Markere o-dagen	Ha eige teit og rikeleg med "vertar" på næriløpet	19. May	Knut Even	Minst 10 nye på næriløp	Ikkje utført grunna covid.
Rekrutteleir	Få med o-skule deltakere på leir	O-trolleir 8-12 år	Invitere barn og foreldre på dagssamling på Langeland skisenter	05. Jun	Julie	10 deltakere fra eigen klubb	Utført .15 deltakarar.
O-skulen	Rekruterer nye nybegynnere	O-skule frå 8-12 år	Opplegg for born 5-6 onsdager på vårparten, før næriløp.	vår	Anja og Håkon	10 deltakere fra eigen klubb	Utført. 9 deltakarar.
Vaksne	Basisopplæring	O-skule for vaksne	Ha parallelt tilbod til vaksne medan o-skule for barn pågår	vår	Tr/rekr. Råd	5 foreldre	Ikkje utført grunna covid.
Næriløp	Aktivitet for alle	Løyper av ulik vanskelighetsgrad	Gjennomføre 17 næriløp + 6 nattløp	onsdager apr-nov	Knut Even	Økt antall løpere	Utført.
OCAD / Purple Pen	Fleire løypeleggarar	Oppdat. av OCAD / Purple Pen	Tilby kurs for dei som er sett opp som løypeansvarlege på næriløpa	Vår	Torodd	Fleire OCAD / Purple Pen brukere	Ikkje utført. 2 deltakarar tatt web kurs.
Omaps	Legge inn alle kart	Oppdat. O-maps	Få lagt inn alle kart vi har i databasen til O-maps.	2021	Helge	Synleggjere karta våre.	Ikkje utført.
Rekruttering turorientering	Få med nye	Gratis grønne turar	Stand på samlingsplass	O-dagen 19 mai	Jostein, Kurt, Anja	20 kart	Utført.
Rekruttering turorientering	Få med nye	Gratis kart + posar	Utdeling + sal næriløp	Næriløp vårsesong	Jostein, Kurt, Anja	50 kart, 10 posar	Utført.
Annonsering turorientering	Gjøre kjent	Annonse Firda	2 annonser	Ved sesongstart	Yngve	Fleire nye brukere	Utført.
Salg posar	Innsalg	Sal posar	Erdal Sport	Heile sesongen	Jostein	20 posar	Utført.
Oppfølging turorientering	Hindre fråfall	Innslag på Facebook	Bilder, tekst	Heile sesongen	Jostein, Kurt, Anja	Alle løyper	Utført.